

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
009/2016	Formannskapet i Radøy	PS	20.01.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/799	16/415

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland -høyringsuttale

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har på oppdrag frå Regionrådet i Nordhordland utarbeidd eit høyringsforslag til ein interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland. Føremålet med planen er å førebu nordhordlandskommunane på vekst i folketal og framtidige endringar i næringslivet. Den interkommunale nærings- og samfunnsplanen er eigd av kommunane og Regionrådet, og skal fungera som eit retningsgjevande verktøy for regional næringsutvikling. Planen gir kommunane i Nordhordland mål og strategiar i rolla som utviklingsaktør.

Planutkastet er eit resultat av ein prosess med mange involverte. Tilsette i kommunane, politikarar og næringsliv har deltatt på «kick-off» for arbeidet, regionrådet har jobba med planen, utkast til plan har vore på intern høyring og styringsgruppa har no lagt fram sitt utkast. Endeleg plan skal vedtakast i Regionrådet og kommunestyra. Intensjonen er at mål og strategiar i nærings- og samfunnsplanen kan implementerast i rulleringa av den enkelte kommune sin planstrategi og samfunnsdel av kommuneplanen, og i eventuelle kommunale næringsplanar.

Målet for styringsgruppa er at planen skal bli eit nyttig reiskap som kommunane kjenner seg igjen i, som er relevant og som gjev praktisk hjelp og retning i næringsutviklingsarbeidet. Hovudmålet i planen er at regionen skal vera ein region der kommunane legg til rette for eit sterkt næringsliv og attraktivt bumiljø. Det er fem fokusområde i planen: næringsliv, innovasjon og gründerskap, bumiljø og tettstadutvikling, infrastruktur og omdømme. Det er knytt mål og strategiar til kvart av dei fem fokusområda, samt utarbeidd konkret handlingsplan.

Høyringspartane vert bede om å spesielt sjå på

- hovudmålsetting
- prioritering av fokusområde, delområde og tiltak
- kva fokusområde/tiltak må prioriterast sterkast den komande 2-års perioden?
- planen som verktøy for samhandling mellom forvaltningsnivå

Høyringsfrist er sett til 15. februar 2016.

Vurdering

Radøy kommune meiner at den interkommunale nærings- og samfunnsplanen har vorte til gjennom ein god og inkluderande prosess. Det er positivt at det er eit felles ynskje om å satsa på samfunnsutvikling i regionen, og ein interkommunal plan bidreg til eit felles fokus og innspel til vidare arbeid. Føremålet med planen er å leggja til rette for sterkt næringsliv og attraktivt bumiljø i kommunane, og det er sett viktige og gode mål innanfor fokusområda. Faktadelen til planen gjev ei god oversikt over utvikling og tilstand i Nordhordland. Dokumentet er oversiktleg sett opp med tabellar og illustrasjonar, slik at det bør vera lett å nytta i mange samanhengar.

Det er positivt at planen er kortfatta og handlingsorientert, men det skaper også utfordringar mtp. å prioritera. Radøy kommune ønskjer derfor at følgjande innspel vert vurdert i det vidare planarbeidet:

Fokusområde 1 Næringsliv

Strategien «*Framheve reiseliv, natur- og kulturbaserte næringar*» er i liten grad følgt opp i handlingsplanen. Radøy kommune meiner at Nordhordland som reiselivsdestinasjon bør utviklast, og informasjon og marknadsføring er viktig. I denne samanheng kan det vera viktig å fokusera på Nordhordland sine særegenheiter, t.d. gjennom aktiv bruk av naturen, kulturminne, attraksjonar og kulturlandskap i marknadsføringa.

Fokusområde 3 Bumiljø og tettstadutvikling

Kommunane skal halda fram med sitt målretta arbeid for å skapa attraktive og varierte bumiljø. Det er viktig å få med at bumiljø og tettstadutvikling handlar om meir enn bustadtypar, busetjingsmønster, urbane kvalitetar og bustad- og servicetilbod. Til dømes vil kultur, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv vera viktige element i tettstadsutviklinga, og Radøy kommune ønskjer at dette i større grad kan gjenspeglast i tiltaksdelen.

Radøy kommune meiner t.d. at tilrettelegging for friluftsbuk bruk ikkje bør avgrensast til sjøområda. Nokre av dei mest nytta tuområda er større og mindre fjell i regionen, og grønne korridorar frå tettstader og til friluftsområde, kan bidra til at folk nyttar naturen i nærområdet til fysisk aktivitet. Nærleik til den varierte naturen er også framheva i planen som eit av Nordhordland sine fortrinn.

Det er positivt med satsing på å sikra og utvikla rekreasjonsområde nær tettstadene, men også gode aktivitets/nærmiljøanlegg er viktige tiltak i tilknytning til større buområde.

Det er positivt at ein vil gje samla innspel og uttale til regionale og nasjonale planar (t.d. nasjonal transportplan). Det vil gje større slagkraft enn om kvar kommune gjer det kvar for seg. Samstundes er kommunane ulike, og det bør vera rom for få koma med kommunespesifikke utfordringar og prioriteringar.

Fokusområde 4 Infrastruktur

Tenleg infrastruktur som grunnlag for vidare utvikling er naudsynt for å styrka Nordhordland som attraktivt område for busetting og næringsutvikling. Effektiv transport til og frå regionsenteret er ein av strategiane, og i denne samanheng ønskjer Radøy kommune å understreka at det også er viktig å ha fokus på transport til kommunesentra. For ungdom er det ikkje minst viktig med transport på kveldstid.

Fokusområde 5 Omdømme

Omdømmebygging er viktig. Under strategipunktet «*bygge opp under regional identitet*» ønsker Radøy kommune å spela inn at det kan vera tenleg at både bruk av nynorsk, og kulturminne som er typisk for regionen, vert nytta i marknadsføringa.

Konklusjon

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland er eit kortfatta og handlingsorientert dokument, og har blitt til gjennom ein inkluderande prosess. Planen set fokus på viktige mål og strategiar for å førebu regionen på auka vekst i folketal og framtidige endringar i næringslivet. Radøy kommune har i saksutgreiinga peika på forhold som kan vera relevant å vurderer i det vidare arbeidet med planen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir høyringsuttale til nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland, i samsvar med vurdering og merknader som kjem fram under fokusområda i saksutgreiinga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune gir høyringsuttale til nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland, i samsvar med vurdering og merknader som kjem fram under fokusområda i saksutgreiinga.

Formannskapet i Radøy - 009/2016

FS - handsaming:

Vidar Grindheim (H) ønsker at kommunen i sin uttale skal ha større fokus på industri- og næring under Fokusområde 1 - næringsliv.

Grindheim sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Radøy kommune vil i sin uttale til fokusområde 1 framheva ytterlegare forsterka innsats innanfor industri- og næringsliv.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg frå Vidar Grindheim.

FS - vedtak:

Radøy kommune gir høyringsuttale til nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland, i samsvar med vurdering og merknader som kjem fram under fokusområda i saksutgreiinga.

Radøy kommune vil i sin uttale til fokusområde 1 framheva ytterlegare forsterka innsats innanfor industri og næringsliv.

Vedlegg:

Nærings- og samfunnsplan Nordhordland

Interkommunal nærings- og
Høringsbrev interkommunal
Interkommunal nærings- og
Faktagrunnlag til Interkom